

## Arbeidsgruppe Sikker drift – Studieforskrift

Høyringsnotat 12.09.16

### Framlegg til samansetjing og arbeidsform for Skikkanemnda

#### Bakgrunn

Arbeidsgruppa Sikker drift – Studieforskrift har som ein del av mandatet fått ansvar for å foreslå samansetjing og arbeidsform for skikkanemnda for Høgskulen på Vestlandet (HVL). Den nye høgskulen vert etablert 01.01.17, og må frå etableringa ha ei skikkanemnd som sikrar lik handsaming av alle som er studentar på utdanningar som er underlagt skikkavurdering, jf lov om universiteter og høgskoler § 4-10 sjette ledd, og Forskrift om skikkethetsvurdering i høyere utdanning 01.06.16:

#### Formelle krav til samansetjing

Forskrift om skikkethetsvurdering i høyere utdanning §7

*Styret selv skal oppnevne skikkethetsnemnd. Skikkethetsnemnda skal bestå av:*

- *en faglig leder for avdeling eller fakultet for lærerutdanningen eller helse- eller sosialfagutdanningene, eller tilsvarende funksjon*
- *en faglig studieleder for lærerutdanningen eller helse- eller sosialfagutdanningene, eller tilsvarende funksjon*
- *to representanter fra praksisfeltet*
- *to faglærere*
- *to studentrepresentanter*
- *en ekstern representant med juridisk embetseksamen*

*Medlemmer oppnevnes for tre år av gangen. Studentrepresentantene oppnevnes for ett år. Faglig leder for avdeling eller fakultet eller tilsvarende funksjon, er nemndas leder.*

*Minst to tredjedeler av nemndas medlemmer skal være til stede ved saksbehandlingen.*

#### **§ 8 Institusjonsansvarlig**

*Styret oppnevner en eller flere ansatte ved institusjonen som institusjonsansvarlige for skikkethetsvurderingen. Det kan oppnevnes stedfortreder for institusjonsansvarlige. Institusjonsansvarlige kan være medlem av skikkethetsnemnda.*

#### Arbeidsgruppa sine framlegg

##### Namn

Skikkanemnda ved Høgskulen på Vestlandet

##### Grunngjeving

Omgrepa *skikkethet* og *skikkethetsnemnd* er vanskeleg å omsetje til nynorsk. Det er ikkje laga noko nynorsk utgåve av *forskrift om skikkethetsvurdering*. I samband med høyring av forskrifta ba HiSF om

at det vert foreslått namn som er brukbart på nynorsk. Det har departementet ikkje gjort. HiSF nyttar omgrepa skikkavurdering og skikkanemnd, og arbeidsgruppa foreslår at den nye nemnda får dette namnet.

### **Samansetjing**

Den faglege organiseringa og tilsetjing i nye leiarroller i Høgskulen på Vestlandet vil tidlegast vere på plass innan utgangen av 2017. Oppnemning av felles skikkanemnd for den nye høgskulen kan ikkje skje før det er tilsett personar i dei nye leiarrollene. Arbeidsgruppa har difor valt å foreslå at eksisterande skikkanemnd frå ein av dei tre institusjonane vert oppnemnt fram til ny organisering er vedtatt og leiarar er tilsett for dei ulike nivåa. Arbeidsgruppa foreslår at styret legg til grunn at det skal oppnemnast ny skikkanemnd så snart ny organisering er fastsett, og seinast innan 01.08.18.

### **Framlegg til skikkanemnd frå 2017**

Leiar og medlemar i skikkanemnda frå Høgskulen i Sogn og Fjordane vert oppnemnt som skikkanemnd ved Høgskulen på Vestlandet fram til ny organisering er vedtatt, og leiarar er tilsett for dei ulike nivåa. Det vert oppnemnt to nye studentrepresentantar; ein frå HiB og ein frå HSH.

### **Grunngjeving**

Skikkanemnda ved Høgskulen i Sogn og Fjordane har arbeidd med fleire skikkasaker dei seinare åra. Nemnda vert leia av dekan Anne-Grethe Naustdal som gjennom mange år har engasjert seg i arbeid med skikkavurdering. Naustdal var med i arbeidsgruppa som utarbeidde *Rapport om skikkethetsarbeid i UH-institusjonene* i regi av UHR i 2011. Rapporten låg til grunn for revisjon av *forskrift om skikkethetsvurdering i høgere utdanning* som no er sett i verk. Naustdal er mykje nytta som foredragshaldar om skikkavurdering, og ho har publisert om temaet, mellom anna i UNI Ped i 2015.

### **Institusjonsansvarleg**

Høgskulen på Vestlandet oppnemner ein eller fleire institusjonsansvarleg ved kvar av dei tre tidlegare institusjonane.

### **Møteavvikling**

Møta i skikkanemnda vil til vanleg gjennomførast som fysiske møte. Studenten har høve til å legge fram saka si for Skikkanemnda dersom vedkomande ønskjer det. Møte i skikkanemnda vert lagt til den studiestaden der aktuell sak høyrer heime.

### **Sekretariat**

Administrativ støtte til institusjonsansvarleg sitt arbeid med skikkasaker vert vidareført på studiestadane i samsvar med gjeldande praksis.

Eit felles sekretariat for skikkasaker vert lagt til Høgskulen i Sogn og Fjordane. Sekretariatet får ansvar for saksførebuing og gjennomføring av møte i skikkanemnda, og å førebu skikkasaker til klagenemnda ved Høgskulen på Vestlandet. Sekretariatet skal ha tilgang til juridisk kompetanse i arbeidet.

Det vert utarbeidd ein felles mal for saksdokument og krav til dokumentasjon som grunnlag for handsaming av skikkasaker i skikkanemnda og i Klagenemnda ved Høgskulen på Vestlandet. Sakshandsaming skal føregå i Public